

## NOTAT

Til: Styringsgruppa  
Frå: Sekretariatet  
Kopi: [Fyll inn]

## Vedlegg nr. 6

Saksbehandlar /telefon:  
Erlend Otterå / 91737731  
Vår dato: 25.06.2025

# Sak 54/25 Handlingsprogram 2026-2029: Oversikt over lokale vedtak

## Bakgrunn

Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2026-2029 har blitt handsama i dei ulike lokalpolitiske styra. Denne saka har som formål å orientere partane om vedtakspunkta. Alle partane slutta seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2026-2029.

Det er dei lokale partane sjølv som er ansvarlege for å ta i vare sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane. Partane er sjølv ansvarlege for å orientere dersom det er utfordringar knytt til oppfølging av vedtak, eller andre særlege omsyn av relevans for partane i Miljøløftet.

## Lokalpolitiske vedtak

Under blir det lista opp partane sine vedtak frå behandlinga av saka om handlingsprogram 2026-2029.

### Alver kommunestyre

#### Vedtak i sak 88/2025:

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2026-2029.

### Askøy kommunestyre

#### Vedtak i sak 56/25:

Askøy kommune slutter seg til Miljøløftets handlingsprogram 2026-2029.

### Bergen bystyre

#### Vedtak i sak 224/25:

Bystyret slutter seg til det fremlagte forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2026-2029.

Merknad 1:

Bystyret ber byrådet fortsette kontakten med fylkeskommunen vedr. oppstart av plan for gang- og sykkelvei langs Garnesvegen til Garnes ungdomsskole.

Merknad 2:

Bystyret støtter utvikling av trygg og fremtidsrettet sykkelinfrastruktur i Bergen. Samtidig må tiltak for klima og byutvikling ikke gå på bekostning av folks hjem. Boliger representerer mer enn bare bygninger, og er fundamentet for familieliv, fellesskap og naboskap. Å rive private hjem for å anlegge nye sykkelveier er et dramatisk inngrep som skal unngås så lenge alternative løsninger finnes.

## **Bjørnafjorden kommunestyre**

Vedtak i sak 66/2025:

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøløftet 2026 - 2029 slik det er vedteke av styringsgruppa i Miljøløftet i sak 33/25.

## **Øygarden kommunestyre**

Vedtak i sak 72/25:

Kommunestyret sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2026 - 2029 slik det ligg føre som vedlegg til saka.

Innspel til vidare arbeid:

Kommunestyret ber administrasjonen gå i dialog med Bergen kommune, for å ta initiativ til at Miljøløftet skal gjennomføra ein moglegheitsstudie for kvar sykkelvegen frå Sotrasambandet skal gå vidare mot Bergen, når bygginga av Sotrasambandet er ferdig. Denne utgreiinga bør inkludera utgreiing av sykkel tunnel gjennom Lyderhorn.

## **Vestland fylkesting:**

Vedtak i sak 150/2025:

1. Fylkestinget sluttar seg til framlegget til handlingsprogram for Miljøløftet 2026 – 2029 slik det ligg føre. Fylkestinget ber kommunane merke seg innspelet frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) og ta det med i vidare arbeid.
2. Fylkestinget minner om at ettersom vi no går inn i den siste 4-årsperioden i gjeldande byvekstavtale er det viktig at staten snarleg signaliserer ein tidsplan for reforhandling.

## **Forslag til vedtak**

*Styringsgruppa tek saka til orientering.*

*Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram. Saka blir lagt fram for styringsgruppa til orientering 29.september.*